

# **PROTOKOLL**

## **FRÅ ÅRSMØTET 2008**

10. februar 2008, kl 1700  
Halsa barne- og ungdomsskule

Det var 11 frammøtte.

### **Sak 1 Opning**

Møtet har vore gjort kjent gjennom annonse i Tidens Krav, på laget sine nettsider og med brev/e-post til medlemmane. Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste.

Magnar Almberg vart valt til ordstyrar og Arnstein Brevik til referent. Til å skrive under møteboka vart Jonny Reitan og Hilde Bergfald valt.

### **Sak 2 Årsmelding for 2007**

Magnar Almberg refererte årsmeldinga. Det var ingen merknader, og årsmeldinga vart samråystes godkjent.

### **Sak 3 Rekneskap for 2007**

Peder Hønsvik gikk gjennom rekneskapstala. Rekneskapen var revidert og funne i orden av revisorane. Årsmøtet fastsette samråystes rekneskapen som framlagt.

### **Sak 4 Innkomne saker**

Det var ingen saker innmeldt.

### **Sak 5 Arbeidsprogram for 2008**

Helge Husby la fram forslag til øvings-/aktivitetsplan for 2008, og kommenterte innhaldet. Eitt av punkta som vart mest inngående drøfta, var spørsmålet om eventuell deltaking på Landskappleiken på Oppdal, 25. – 29. juni. Styret får i oppdrag å undersøkje mulighetene for overnatting snarast råd.

Elles vart det nemnt at ein kunne prøve å få til eit seminar i løpet av året, gjerne tidleg på hausten. Styret vart pålagt å arbeide vidare med denne saka etter at Fylkeskappleiken er ferdig. Med desse kommentarane vart årsplana samråystes godkjent.

### **Sak 6 Kontingent**

Kontingentsatsane blir heldt uendra.

### **Sak 7 Budsjett**

Det blir ikkje sett opp budsjett. Årsmøtet oppmodar styret om å handtere økonomien i laget på beste måte.

### **Sak 8 Val**

Valkomiteen la fram følgjande innstilling:  
Leiar Magnar Almberg – attval for 1 år  
Styremedl. Jonny Reitan og Kirsty McKinnon - 2 år

Peder Hønsvik og Arnstein Brevik var ikkje på val.

Vedtak:

Leiar Magnar Almberg      1 år, samråystes.  
Styremedl. Jonny Reitan      2 år, samråystes

Det vart sett fram benkeforslag på Hilde Bergfald som styremedlem. Dette forslaget vart sett opp mot valkomitéen sitt forslag, og Hilde Bergfald vart valt mot 1 stemme som vart avgjeve for Kirsty McKinnon

Styret har dermed denne samansetjinga for 2008:

Leiar Magnar Almberg 1 år

Styremedl. Jonny Reitan 2 år

Hilde Bergfald 2 år

Peder Hønsvik 1 år

Arnstein Brevik 1 år

Som varamedl. til styret vart Jon Grimsmo (1 år) og Kirsty McKinnon (2 år) valt.

Som revisorar vart Torstein Hamnes og Arve Heggdal attvalt for eitt år.

Møtet vart heva kl. 1815.

*Hilde Bergfald /s/*

*Jonny Reitan /s/*